

Styremøte 2-2022 – Tambarskjelvar IL

Møterommet i Hallen 2. november kl 18 – 21:00.

Anne Sofie, Pål Arve, Janne, Anne Karin, Athina, Siss-May, Runar

Sak	Tema	Vedtak
5/2022	<p>Søknad om støtte til sosialt tiltak Tambar J12 Søker med dette om støtte frå Tambarskjelvar fotball til eit sosialt treff for jentene på J12. Vi ønsker å gje dei ei fin avslutning for sesongen. Dei er no 16 jenter på laget. Håper de kan hjelpe oss økonomisk med dette. Vi søker om 3200,- kr.</p> <p>Helsing Evy Helen Kibsgaard Lagleiar Tambar J12</p> <p>Søknad økonomisk støtte til aktivitet g15 Søker støtte til pizza quiz på peppes og sosial samling for 18 stk. Vi har en del som gir seg og ser utfordringer med å stille lag til høsten. Summen vi søker er på ca. 2600,-</p> <p>Mvh Sven Carlsen, leiar fotballgruppa</p>	<p>Styret handsama søknaden per e-post før møtet.</p> <p>Innvilga støtte.</p> <p>Styret handsama søknaden på møtet.</p> <p>Innvilga støtte.</p>
6/2022	<p>Søknad om støtte til eigendel for seniorutøvarar til VM Vektløfting 2022</p> <p>Tambarskjelvar II har fått to utøvarar i vektløfting som er utteke til VM Senior, som går Bogota i Columbia, sjå vedlegg frå Stian Grimseth. Dette er Ine Andersson og Marit Årdalsbakke, ut i frå resultatane vil Ine gå i A pulje og Marit i B pulje. Til saman får dei ein eigendel på 24.000 kr 6000 på Ine og 18000 på Marit. Dette er noko som vektløftargruppa vanlegvis dekkar for våre utøvarar, men denne gangen er det snakk om ein stor sum. Vektløftargruppa har stor aktivitet og litt lite pengar på konto pr dato, så denne gangen søker vi om støtte frå hovudlaget til heile eller delar av summen på 24.000 kr.</p> <p>Helsing Ove Varlid, leiar</p>	<p>Styret handsama søknaden per e-post før møtet. Vi er glade og stolte over uttak til VM og ynskjer løftarane lykke til.</p> <p>Innvilga støtte.</p>
7/2022	<p>Strategi for støtte frå hovudlaget.</p> <p>Idrettsleg støtte: profileringsvilkår av Tambarskjelvar idrettslag</p>	<p>Vi drøfta ev strategi/vilkår for å søkje om støtte i Tambarskjelvar IL.</p>

	<p>Søknader handsamast berre på dei faste styremøta. Først til mølla-prinsipp.</p>	<p>Vi ynskjer å gjere ordninga meir kjent, slik at vi får søknader frå alle gruppene i Tambarskjelvar. Det er viktig at vi held oversikt over kven som har fått støtte når, slik at det vert ei rettferdig fordeling mellom gruppene. Vi ynskjer førebels ikkje å sette ein søknadsfrist for ordninga, men søknader vil heretter berre verte handsama på faste styremøte (sjå sak 10/2022).</p> <p>Ved støtte til deltaking i konkurransar, cupar el. skal vi sette som vilkår at Tambarskjelvar il skal profilerast. Ein skal nytte Tambardrakter og i ev. omtale skal det gå fram at deltakinga har fått støtte frå hovudlaget.</p>
8/2022	<p>Fordeling av oppgåver i styret</p> <p>Vi fordelte dei ulike oppgåvene på styremedlemmene.</p>	<p>Vi drøfta ulike oppgåver i styret. Desse oppgåvene vart fordelt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ansvarleg politiattest – Pål Arve - Ansvarleg barneidrett – Anne Sofie - Kasserer – Anne Sofie - Ansvarleg Klubbadmin (medlemsdatabase og fakturering av kontingent). Janne. Det vert tilbydd kurs i regi av idrettskretsen: Kurs i KlubbAdmin (idrettsforbundet.no). Etter digitalt kurs kan vi be idrettskretsen om vidare oppfølging/kurs for å hjelpe oss med god organisering av grupper/utval/fakturering osv. - Innkalling styremøter/årsmøte- Siss-May - Ansvarleg sponsormidlar – Siss-May - Vakthold Naustdalshallen. Sigrid og Pål Arve. - Adm. Office 365. Styret lagar eit forslag til bruk. Deretter ber vi idrettskretsen om opplæring, der styret får opplæring saman med gruppene. - Repr. og vara Instedalen skianlegg as. Styret i Tambarskjelvar ynskjer å engasjere oss meir i dette as. Vi vil difor be styret i Instedalen skianlegg as invitere eigarane til eit felles møte der vi går gjennom styrande dokument for anlegget, økonomi, budsjett og planar for vidare drift og vedlikehald.
8/2022	<p>Oppspart Bonus Sport1</p> <p>Lage ein strategi for korleis Tambar nyttar desse midlane kvart år til fordeling på dei ulike gruppene våre.</p>	<p>Pål-Arve hadde førebudd saka. Vi skal lage ei oversikt (i teams) over kven som får nytte bonusen kvart år.</p>

	<p>Oversikt over kven som får nytte bonusen kvart år. Sign-on-bonus 2021: fotball a-laget Bonus 2022. Vi kan ta ut varer til 24.000,- kroner. Behov er meldt frå fotballen for coach-jakker til fotballtrenarar, 17 stk. Vi kjøper inn ulike jakkar, t-skjorter for bonus-summen. Klespakke til nye trenarar.</p> <p>Oppfordre alle til å handle på Sport1.</p>	<p>Vi hadde sign-on-bonus (ny sponsoravtale) i 2021 som vart nytta av fotball a-laget. Fotballen har vidare meldt behov for coach-jakker til 17 fotballtrenarar.</p> <p>Semje om at styret kjøper inn kle (jakkar, t-skjorter el) og fordeler.</p> <p>Vi drøfta også at vi på sikt kan bruke bonus til å lage klespakke til nye trenarar i Tambarskjelvar.</p> <p>Vi oppfordrar alle til å handle på Sport1. Hugs å informere om at du er medlem i Tambar slik at kjøp vert registrert. På denne måten deltek medlemmane i dugnad for å auke bonus frå Sport 1.</p>
9/2022	Oppfølging årsmøteprotokoll 2022, sak 10.1	Tambarskjelvar il skal stille med ein representant i valnemda i Instedalen skianlegg as. Alle i styret spør 1-2 personar kvar innan utgangen av januar 2023 og melder tilbake til Siss-May.
10/2022	Dato for styremøter, inkl styremøter med gruppene, årsmøte.	<p>Styret i Tambarskjelvar il skal ha fire faste styremøter gjennom året. Dato for styremøter er:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Onsdag 1.februar kl 18-20:30. Gruppene er invitert frå kl 19. - Årsmøte 17.mars. Stad: kjem seinare når det er booka - Onsdag 12.april kl 18-20.
11/2022	Oppfølging årsmøteprotokoll 2022, sak 10.6	Saka vart utsatt.
12/2022	<p>Kl. 20:00</p> <p>Arbeidsgruppe oppføring av nytt lager på Naustdal stadion.</p>	Oppfølging årsmøteprotokoll 2022, sak 10.5. Til stades var leiar Banestyret Bjørn Hundershagen, Oddvard Hukset og Jan Magne Åsnes. Røde kors var også invitert, men kunne ikkje stille.

		<p>Vidare arbeid:</p> <ul style="list-style-type: none">- Møte med Røde kors tysdag 8.11 kl 19 i hallen for å etablere arbeidsgruppe og drøfte løysing- Oddvard lagar ferdig skisse og kostnadskalkyle- Arbeidsgruppa set opp eit grovt budsjett- Møte med Sunnfjord kommune
--	--	---